



# Fedje kommune

## Møtebok for Formannskapet

**Møtedato:** 15.02.2022  
**Møtestad:** Slissøyyna/Skarvøyyna Fedje fleirbrukshall  
**Møtetid:** 17:15 - 19:00

<b>Møtedeltakarar</b>	<b>Parti</b>
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp

  

<b>Møtedeltakarar vara</b>	<b>Parti</b>
Gidske Borge Kolltveit	Ap

  

<b>Forfall meldt frå følgjande medlemmar:</b>	<b>Parti</b>
Hans Erik Waage	Ap

---

Følgjande møtte frå administrasjonen:  
Dagrun Gunnarson, Olav Mongstad

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
004/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
005/22	Godkjenning av møtebok
006/22	Referatsaker
007/22	Delegerte saker
008/22	Delegerte saker teknikk og miljø
009/22	Formidlingslån frå Husbanken
010/22	På same lag - innspel til KS arbeidsgjevarstrategi 2022
011/22	Tolking av Fedje kommune sin personalplan - punktet "Gåver"
015/22	Eventuelt formannskap 15.02.22
016/22	Uttale E39 Vågsbotn-Klauvaneset

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Dagrun Gunnarson	FE-033	21/588

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
004/22	Formannskapet	PS	15.02.2022

### Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

#### Saksutgreiing:

#### Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

#### Formannskapet - 004/22

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kristin Handeland	FE-033	21/588

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
005/22	Formannskapet	PS	15.02.2022

### Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - Partsamansettutval 12.01.2022

### Saksutgreiing:

#### Forslag til vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

### Formannskapet - 005/22

#### F - behandling:

#### F - vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	21/588

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/22	Formannskapet	PS	15.02.2022

### Referatsaker

#### Underliggjande saker:

006/22.1. Fedje kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 19.01.2022

006/22.2. Drøfting av ledige læreplassar 2022

006/22.3. Kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv Alver kommune - høyring

006/22.4. VS: 21/852-3 Utkast til høyringsfråsegn til gjennomsyn (rett vedlegg)

006/22.5. GRENSEREGULERING AV NAMSMANNSDISTRIKT I VEST POLITIDISTRIKT - SENTRALISERT NAMSMYNDIGHEIT - HØYRING

006/22.6. Høring – Arbeidsavklaringspenger

006/22.7. Høring – etterutdanning for spesialister i allmenntidisin - endringer i helsepersonelloven

006/22.8. Høring - Forslag til endringer i forskrift om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulansetjeneste, medisinsk nødmeldetjeneste mv. (akuttmedisinforskriften)

006/22.9. Høring av endringer i domstolstruktur

006/22.10. Høring fra Kunnskapsdepartementet

006/22.11. Høring fra Statens vegvesen: Forslag om endringer i trafikkopplæringsforskriften og utrykningsforskriften - frist 10. april 2022

006/22.12. Høring: Hjemler for innhenting og behandling av personopplysninger

006/22.13. Oversendelse av brev fra Miljødirektoratet (Transmission of letter)

006/22.14. Anmodning om innspill til revidering av Helsedirektoratet- og Politid

**Saksutgreiing:**

**Forslag til vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering.

**Formannskapet - 006/22**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	21/588

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/22	Formannskapet	PS	15.02.2022

### Delegerte saker

#### Underliggjande saker:

024/21. Tilskot til lokale politiske parti

Tilskot til lokalavdelinga av dei politiske partia vert å utbetale for 2021 som følgjer:

Fedje Høgre 9.750,-

Fedje Arbeiderparti 9.750,-

Fedje Framstegsparti 6.420,-

Frå konto: 14700.1000.1000

026/21. Svar på søknad om ambulerande skjenkeløyve 27.11.2021

Vesttun Bygdelag frå ambulerande skjenkeløyvet for Vesttun den 27.11.2021. frå kl.19.00 til kl.02.00 for all alkoholhaldig drikk.

Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkohollova og forskrifta til alkohollova vert fylgde.

Kommunen har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.

Gebyr: 390,-.

027/21. Tildeling av bustad

Astrid- Elisabeth Lie får tildelt bustad i Stormarkvegen 72 frå 01.12.21

028/21. Tildeling av bustad

Tommy Rolland Olsen får tildelt bustad i Stormarkvegen 7. Tildelinga gjeldt frå 01.01.2022.

029/21. Svar på søknad om pendlartilskot

Jürgen Verhofstad får 7650,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2021.

030/21. Svar på søknad om pendlertilskudd

Ragnhild Gausemel Husa får 6120,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2021.

031/21. Svar på søknad om pendlartilskot

Jan Berge får 7650,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2021.

032/21. Svar på søknad om pendlartilskot

Monica Thomassen Waage får 6120,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2021.

033/21. Svar på søknad om pendlartilskot

Kjersti Nilsen Torstensen får 3060,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2021.

034/21. Svar på søknad om pendlartilskot

Roy Asle Tungland får 6120,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2021.

035/21. Svar på søknad om pendlartilskot

Laila Byrkjeland Husa får 7650,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2021.

036/21. Svar på søknad om pendlartilskot

Peder Bøstrand får 7650,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2021.

037/21. Svar på søknad om pendlartilskot

Arne Wiken får 3060,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2021.

038/21. Svar på søknad om pendlartilskot

Mathias Gullaksen får 7650,-kr i pendlartilskot for andre halvår 2021.

039/21. Tildeling av kommunal bustad

Andrea M Waage får tildelt bustad i Rongsvågen 4 frå 01.02.2022



040/21. Tildeling av bustad

Saksutgreiing: Grunnlag for tildeling: Bustad -og tildelingsreglement for Fedje kommune K 056/02 og K 013/11.

I tråd med Bustad -og tildelingsreglement for Fedje kommune, skal søkjarar rangerast slik:1 Kommunaltilsette, 2) Folketalsrekruttering/næringsliv, 3) Andre søkjarar.

NAV kan krevje ledig bustad utanom køen om naudsynt.

Andreas Hagen får tildelt bustad etter rangering 2 i tildelingsreglementet. Standar husleigekontrakt vert tilsendt for digitalt for signering.

001/22. Delegering av mynde - Fedje barnehage

*Mynde for Fedje barnehage vert fordelt på følgjande fire:*

*Tilsyn og internkontroll – Mona Vabø*

*Spesialpedagogisk hjelp – Annika Tvedt Villanger*

*Personalrutiner – Dagrun Gunnarson*

*Opptak og betaling – Bjarte Villanger*

*Eigaroppgåver vert delegert til styrar i barnehagen – Stine Waage*

002/22. Serveringsløyve

Søknaden frå Jostein Husa einskildforetak med org.nr.984 861 907 om serveringsløyve i «Løa» gnr.172 bnr.243. Vert innvilga frå 03.02.2022

Vedtaket er gjort med heimel i Serveringslova §3. Linda Husa vert avløyssar for Jostein Husa.

003/22. Ferie og fridagar skule og barnehage 2022-2023 og 2023-2024

**Saksutgreiing:**

**Forslag til vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

**Formannskapet - 007/22**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	21/588

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/22	Formannskapet	PS	15.02.2022

### Delegerte saker teknikk og miljø

#### Underliggjande saker:

032/21. Vedtak om konsesjon.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune og §§ 9 og 12 i jordlova får Eirik Husa konsesjon på kjøp av eigedomen. Grunngeving : Eigedomsoverdraginga vil ikkje føre til endra bruk og har dessutan liten interesse for landbruket.

033/21. Løyve til å byggja avløpsanlegg. Kloakkpumpestasjonar.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 06/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Samnøy Maskin AS får rammeløyve og igangsettingsløyve til å byggja avløpsanlegg for Mulevegen 6 og Mulevegen 8 slik det er søkt om. Hilde Koppen/Terje Blomvågnes og Fedje kommune er tiltakshavar.

Alt arbeid vert godkjent som arbeid i tiltaksklasse 1.

Lovheimel : § 9-3 i byggesaksforskrifta.

Fedje kommune gjev løyve til tilkopling til den kommunale kloakken.

034/21. Søknad om konsesjon

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune og §§ 9 og 12 i jordlova får Kjell Samnøy konsesjon for kjøp av eigedomen 168/3 og 172/2. Grunngeving : Eigedomsoverdraginga har liten interesse for landbruket.

035/21. Løyve til å byggja uthus på gnr. 168, bnr. 272.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 29-4, tredje ledd, punkt a, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Oddvar Gullaksen får løyve til å bygga uthus nærare eigedomsgrensa mot gnr. 168, bnr. 426 enn 4 meter.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Kommunen har ingen merknader til søknaden motteken 23. november 2021. Bygging av uthus på gnr. 168, bnr. 426, kan ta til.

036/21. Feilregistrering

037/21. Løyve til planering, bygga mur i naturstein og mellombels anleggsveg.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Samnøy Maskin AS får rammeløyve og igangsettingsløyve til å legga ut steinfylling, bygga mur i naturstein og å bygga/rive mellombels anleggsveg på gnr. 168, bnr. 16. Jorunn Nygård er tiltakshavar.

Samnøy Maskin AS har levert erklæringar om ansvarsrett i samsvar med § 23-3 i plan- og bygningslova.

Alt arbeid vert godkjent som arbeid i tiltaksklasse 1.

Lovheimel : § 9-3 i byggesaksforskrifta.

Løyvet har følgjande vilkår :

Uordna fylling i strandsona vert ikkje akseptert. Avslutning av fylling i strandsona skal vera bygd som natursteinmur med same estetisk kvalitet som dei som er nemnde i saksutgreiinga. Lovheimel er § 29-2 i plan- og bygningslova.

Kommunen skal ha skriftleg melding når tiltaket er gjennomført. Lovheimel : § 21-10 i pbl.

Mellombels anleggsveg skal vera fjerna innan 1. juli 2023.

001/22. Avslag på søknad om dispensasjon frå reguleringsplan. Tomtegrense.

Eg ser ingen grunn til å gje dispensasjon frå reguleringsplanen til å slå saman bnr. 202 og bnr. 214. Eg vurderer det slik at Moldøen sitt argument med at det vert lettare å plassera 2 bustader om tomtegrensa vert vekke, ikkje held. Ein er uansett bunden av byggegrensene i planen. Ein treng berre å flytte garasjen ein meter frå eigedomsgrensa inn på tomta og problemet er løyst.

002/22. Løyve for rivearbeid på gnr. 169, bnr. 47 - Fabrikk nr. 8.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Ing. Aarland AS får rammeløyve og igangsettingsløyve til å gjennomføra dei rivearbeida det er søkt om i bygget på gnr. 169, bnr. 47 – Fabrikk nr. 8.

Ing. Aarland AS har levert erklæringar om ansvarsrett i samsvar med § 23-3 i plan- og bygningslova. Gjennomføringsplan er levert.

Alt arbeid vert godkjent som arbeid i tiltaksklasse 1.

Lovheimel : § 9-3 i byggesaksforskrifta.

003/22. Rammeløyve til å legga røyr i sjø for CO2.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

ABO Plan & Arkitektur AS får rammeløyve til å legga røyrleidning for transport av CO2 med naudsynte steinfyllingar i sjø frå grensa mellom Fedje og Øygarden på autsida av Fedje, gjennom Fedjeosen og ut til grunnlinja.

Equinor ASA v/ Laurence Pinturier er tiltakshavar.

Erklæringar om ansvarsrett i samsvar med § 23-3 i plan- og bygningslova, er levert.

Alt arbeid vert godkjent som arbeid i tiltaksklasse 2.

Lovheimel : § 9-3 i byggesaksforskrifta.

Fedje kommune krev at det ligg føre avtale med Telenor som sikrar Fedje mot brot i datasambandet. Igangsettingsløyve vert ikkje gjeve før avtale ligg føre og Fedje kommune er gjort kjent med innhaldet i avtalen. Lovheimel: § 28-1 i plan- og bygningslova.

004/22. Løyve til fasadeendring / endring av tilbygg

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Kommunen har ingen merknader til søknaden frå Kristian Mæland. Bygging/endring av tilbygg på einebustad på gnr. 169, bnr. 41, kan ta til.

005/22. Løyve til deling av eigedom.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20, og plan- og bygningslova § 20-1 punkt m, § 21-4 og § 26-1 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Magnar Kongestøl får løyve til å frådela naustparsellen til gnr. 169, bnr. 41.

Løyvet har følgjande vilkår :

Dette er sjølvstilt : det er ikkje høve til å parkera i fylkesvegen ved naustet, heller ikkje i vegen mot Mulevegen 134 (Hesteneset).

006/22. Igangsettingsløyve til å bygga avkøyrsløp og parkeringsplass på gnr. 168, bnr. 268.

Dispensasjon frå reguleringsplan.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Samnøy Maskin AS får i samsvar med § 19-2 i pbl dispensasjon frå reguleringsplan for Kalvedalen når det gjeld arealføremål, byggegrense og avkøyrslpunkt slik at avkøyrsl og parkeringsplass kan byggast slik det er søkt om. Grunngjeving : sjå saksutgreiinga.

Samnøy Maskin AS får rammeløyve og igangsettingsløyve til å bygga avkøyrsl og parkeringsplass på gnr. 168, 268 slik det er slkt om. Marita Sortland er tiltakshavar.

**Saksutgreiing:**

**Forslag til vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

**Formannskapet - 008/22**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjarte Villanger	FE-024, FE-251	21/75

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/22	Formannskapet	PS	15.02.2022
	Kommunestyret	PS	

### Formidlingslån frå Husbanken

Vedlegg:

Kommunestyresak 018 21

#### Saksutgreiing:

##### Saksopplysningar

Det vart i sak 018/21 (vedlegg) vedteke at Fedje kommune skulle ta opp 1.000.000 i gjelsbrevlån hjå Husbanken for vidare utlån etter Husbankens reglar for Startlån. Ulike omstende har medført at dette låneopptaket ikkje blei gjennomført i 2021.

Det har ved årskiftet 2021/2022 meldt seg behov for utlånsmidlar som strekkjer seg lang ut over det Fedje kommune har til rådvelde i dag – 340.000.

Per. 1. februar 2022 er det under handsaming søknadar for til saman 2.700.000. Søknadsfrist for Husbanken si behovsmelding gjekk ut 31. januar 2022, men etter avtale med Husbanken har dei opna får å ettersende behovsmedinga så snart det ligg føre vedtak i kommunestyret.

#### Vurdering

Dei som no søker formidlingslån i Fedje kommune er i målgruppa som Husbanken prioriterer ved tildeling av utlånsmidlar.

Folkehelse: Gjev dei som fell utanfor bustadmarknadene moglegheit til å etablera bustad.

Miljø: Ikkje aktuelt

Økonomi: Lånet vert formidla vidare til søker. Dei dekkjer renter og avdrag. Kommunen tek ikkje administrasjonsgebyr eller påslagsrente. Husbanken garanterer for 75 % av beløpet – kommunen for dei resterande 25 %.

#### Konklusjon

For å komme i møte dei søknadane som ligg til handsaming tek Fedje kommune opp lån for vidareutlån på til saman 2.500.000



Føring i investeringsbudsjettet for 2022:

K)39100.4000.2830      2.500.000

D)15500.4000.2830      2.500.000

**Forslag til vedtak:**

Fedje kommune tek opp gjeldsbrevlån, j.f. delegeringsreglementet kommunelova § 14-14, på 2.500.000,- (to millionar fem hundre tusen) i Husbanken for vidare utlån etter Husbankens reglar for startlån.

Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande.

**Formannskapet - 009/22**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Fedje kommune tek opp gjeldsbrevlån, j.f. delegeringsreglementet kommunelova § 14-14, på 2.500.000,- (to millionar fem hundre tusen) i Husbanken for vidare utlån etter Husbankens reglar for startlån.

Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Dagrun Gunnarson	FE-400	21/495

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
010/22	Formannskapet	PS	15.02.2022

### **På same lag - innspel til KS arbeidsgjevarstrategi 2022 Debattheftet frå KS 2022**

Vedlegg:

KS Debatthefte 2022 - På samme lag

#### **Saksutgreiing:**

**Oppsummering av saka:** KS ønsker innspill frå alle kommunar til årets debatthefte «På samme lag».

#### **Saksopplysningar**

KS inviterar kvart år kommunane og fylkeskommunane til å gje innspel til mandatet for løns- og avtaleforhandlingar og andre dagsaktuelle tema presentert gjennom debattheftet. I år omhandlar heftet spørsmål knytt til prioriteringar i kommande hovudtariffoppgjer og tillitsreforma i offentleg sektor. Innkomne innspel vil samanstilla og takast med i KS sitt vidare arbeid.

Kommunedirektøren legg i denne saka fram problemstillingane i debattheftet til politisk handsaming. Frist for tilbakemelding i Vestland er 18.02.22.

#### **Nye, bærekraftige løysningar for arbeidslivet**

Bærekrafta til velferdssamfunnet utfordrast når ein aukande andel av befolkninga ikkje er i arbeid. Det ligg eit betydeleg arbeidskraftspotensial i mer heiltid, lågare sjukefråvær, redusert utanforskap, lengre yrkesliv for seniorane, kompetanseutvikling og ny oppgavedeling for rett bruk av tilgjengeleg kompetanse, samt auka bruk av digitale løysingar. Trass i dette, er det ei voksende erkjenning av at kommunesektoren aleine korkje vil ha tilgjengeleg kompetanse, kapasitet eller økonomiske rammer til å betjene innbyggjarane sine auka og endra behov for tenester. For å nå målet om bærekraftig utvikling, blir det naturleg å etablere samarbeid mellom myndigheiter, næringsliv og sivilsamfunnet i eit mykje større omfang enn vi har sett dei siste tiåra.

I 2022 er det Hovudtariffoppgjer, der det skal forhandlast om både løn og andre arbeidsvilkår. Det er venta at kommunesektoren sine rekrutteringsutfordringar blir eit sentralt tema. Kommunesektoren må fortsette å tilby konkurransedyktige løns- og arbeidsvilkår. Løn aleine vil likevel i liten grad avhjelpe det langsiktige utfordringsbildet kommunane står ovanfor, og framskrivningane viser at

rekrutteringsutfordringane gjeld fleire profesjonsgrupper innan helse- og omsorgstenesta.

KS sitt lønssystem baserast på lik garantiløn for alle stillingar med lik utdanningslengde. Dei siste åra før pandemien, blei arbeidstakarar med universitets-/høgskuleutdanning prioritert ved tariffoppgjera. I 2021 vektla KS at *heile laget* i kommunesektoren hadde handtert den ekstraordinære situasjonen, og la opp til breide og samlande lønsmessige tiltak med prosentvise lønstillegg. I tillegg blei det avsatt ein pott til lokale lønnsforhandlingar, slik at partane lokalt fekk høve til å fordele ut frå lokal lønspolitik og rekrutteringsutfordringar.

Før partane møtast til forhandlingar i 2022 er om lag to prosent allerede brukt som følge av lønsglidning og høgt overheng. Dersom prognosane for årslønsveksten fra 2021 til 2022 på om lag tre prosent stemmer, vil det kun vere om lag ein prosent disponibelt å forhandle om. Ei slik ramme vil kreve tydelege prioriteringar.

### **Ei tillitsreform i og ovanfor kommunesektoren**

Regjeringa har varsla ei tillitsreform i offentleg sektor. Reforma handlar om å gje dei tilsette tid og tillit til å gje brukarane betre tenester, og ho skal utformast i tett samspel med brukarorganisasjoner, tillitsvalde og leiinga i store offentlege verksemdar. På same tid vil regjeringa gje større friheit til kommunale og regionale myndigheiter, som de viktigaste tenesteytarane.

Tillit til og samarbeid med medarbeidarar er grunnleggjende i den norske leiingsmodellen. Det er medarbeidarane, gjerne saman med brukarar som er tettast på problemstillingane og dermed løysingane. Tillit handlar om at medarbeidarar opplever autonomi og handlingsrom gjennom å jobbe sjølvstendig, innanfor rammer satt av leiinga. God leiing i kommunal sektor er avgjerende for å

skape gode tenester til innbyggerane.

Tilliten må balanserast med kontroll. Kommunestyret og fylkestinget har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunane og fylkeskommunen si verksemd. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter følgast. God internkontroll bidreg i tillegg til at vedteken politikk blir gjennomført, at tenestene er av god kvalitet og at ressursane brukast effektivt og riktig. Godt internkontrollarbeid gjer tillit og tryggleik for både leiarar og medarbeidarar og er viktig for tilliten til kommunesektoren og lokaldemokratiet.

Tilliten til kommunar og fylkeskommunar er også betinga av at omsyn til etikk, rettstryggleik og åpenheit ivaretakast, og at ein responderar og leverer på innbyggerane sine behov og forventningar. Tilfredsheit med offentlege tenester betyr mykje for befolkninga si tillit i Norge, men også høg

utdanning, høg organisasjonsgrad og høg valgdeltaking har positiv effekt på tillit i samfunnet.

Staten stiller detaljerte krav til korleis kommunane skal arbeide, og definerer konkrete plikter og rettigheter som skal oppfyllest. Det skapar dokumentasjons- og rapporteringsbehov som den enkelte tilsette til slutt må bruke tid på. Mindre statleg detaljstyring og meir tillitsbasert rammestyring av kommunane, som er dei tilsette sine arbeidsgjevarar, vil redusere tidsbruk på kontroll, rapportering og tilsyn og gje meir tid til å levere tenester til innbyggjarane.

Kommunelova har sidan 1992 bidrege til eit meir samordna og heilskapleg rettsleg rammeverk for verksemda i kommunesektoren. Ei tillitsreform i offentleg sektor bør ikkje bidra til å styrke bånd mellom dei statlege og kommunale sektorinteressene, men heller stimulere til meir samordna utvikling og gjennomføring av politikk, også på tvers av forvaltningsnivåa.

KS kan bidra både som interessepolitisk aktør og utviklingspartner i det lokale arbeidet med tillit i og til kommunesektoren.

### **Seks spørsmål KS ønsker å få klargjort**

1. Bør den begrensa økonomiske ramma i Hovudtariffoppgjeret fordelast sentralt, eller bør den forhandlast lokalt, ut frå lokale behov?
2. Hvis ramma fordelast sentralt; bør KS søkje å gje alle arbeidstakarar med sentral lønsdanning ei så god, generell lønsutvikling som mogeleg, eller ønskast ei omfordeling med tydelegare oppprioritering av einsskilte stillingsgrupper framfor andre? I så fall kva grupper?
3. Kva andre endringar i Hovudtariffavtala bør prioriterast?
4. Kva vil kommunen/fylkeskommunen sjølv ha mest merksemd på i ei tillitsreform, i eigen organisasjon og ovanfor lokalsamfunnet?
5. Kva bør KS som interessepolitisk aktør ha mest merksemd på i utforminga av ei tillitsreform i og ovanfor kommunesektoren?
6. Kva bør eventuelt KS bidra med som utviklingspartner for kommunane/fylkeskommunane i gjennomføringa av ei tillitsreform lokalt?

Debattheftet 2022 er vedlagt saka.

### **Vurdering**

Dette er først og framst ei politisk sak, der formannskapet sjølv må drøfte punkta og kome med innspel til KS. Pga. fristen, er det diverre ikkje høve til å sende saka til kommunestyret. KS anbefalar likevel kommunedirektøren å leggje fram eit forslag til svar. Kommunedirektøren legg fram følgjande forslag til svar:

1. For Fedje kommune er det viktig med ein forutsigbar prosess rundt forhandlingane, og at kommunane ikkje konkurrerer mot kvarandre om arbeidskrafta i for stor grad. Me ønskjer i størst mogleg grad å ha ei ordning der det er sentrale forhandlingar som er det viktigaste oppgjeret for dei tilsette i kap. 4, men at det er lokale forhandlingar også i kap 4 med jamne mellomrom (2. eller 3.kvart år), slik at det er mogleg å få løyst lokale utfordringar samla sett.
2. Fedje kommune har framleis mest problem med å rekruttere høgskulegruppene, og særleg dei unge. Det er difor viktig for oss at desse gruppene vert prioritert. Den største kompetansehevinga i jobben skjer dei første 3 åra, og lønnsstigen bør vere brattare frå start, heller enn å gjere eit hopp til 10 og 16 års ansiennitet.
3. Her har Fedje kommune ingen spesiell mening.
4. Her har Fedje kommune ingen spesiell mening.
5. Her har Fedje kommune ingen spesiell mening.
6. Her har Fedje kommune ingen spesiell mening.

Vedtekne svar på KS' spørsmål vert innsendt til KS Vestland innan fristen 18.02.22

#### **Forslag til vedtak:**

Ingen framlegg til vedtak.

#### **Formannskapet - 010/22**

#### **F - behandling:**

Felles vedtasframlegg, foreslått av ,

Fedje kommune gjev følgjande tilbakemelding på KS Debattheft 2022:

1.For Fedje kommune er det viktig med ein forutsigbar prosess rundt forhandlingane, og at kommunane ikkje konkurrerer mot kvarandre om arbeidskrafta i for stor grad. Me ønskjer i størst mogleg grad å ha ei ordning der det er sentrale forhandlingar som er det viktigaste oppgjeret for dei tilsette i kap. 4, men at det er lokale forhandlingar også i kap 4 med jamne mellomrom (2. eller 3.kvart år), slik at det er mogleg å få løyst lokale utfordringar samla sett.

2.Fedje kommune har framleis mest problem med å rekruttere høgskulegruppene, og særleg dei unge. Det er difor viktig for oss at desse gruppene vert prioritert. Den største kompetansehevinga i jobben skjer dei første 3 åra. Lønnsstigen bør ha større tillegg dei første åra, heller enn å gjere eit hopp til 10 og 16 års ansiennitet.

Forslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

5.KS bør jobbe for at tillitsreforma omfattar heile den kommunale verksemda, og ikkje verte ein sektorreform som fokuserer berre på dei enkelte delane av kommunal sektor. Framtidas kommunale velferdstenester må i større grad enn i dag vere basert på tverrfagleg arbeid, kor dei ulike tenestene

og sektorane i lag sikrar trygge og gode tenester til innbyggjarane.

#### **F - vedtak:**

Fedje kommune gjev følgjande tilbakemelding på KS Debattheft 2022:

1. For Fedje kommune er det viktig med ein forutsigbar prosess rundt forhandlingane, og at kommunane ikkje konkurrerer mot kvarandre om arbeidskrafta i for stor grad. Me ønskjer i størst mogleg grad å ha ei ordning der det er sentrale forhandlingar som er det viktigaste oppgjeret for dei tilsette i kap. 4, men at det er lokale forhandlingar også i kap 4 med jamne mellomrom (2. eller 3. kvart år), slik at det er mogleg å få løyst lokale utfordringar samla sett.

2. Fedje kommune har framleis mest problem med å rekruttere høgskulegruppene, og særleg dei unge. Det er difor viktig for oss at desse gruppene vert prioritert. Den største kompetansehevinga i jobben skjer dei første 3 åra. Lønnsstigen bør ha større tillegg dei første åra, heller enn å gjere eit hopp til 10 og 16 års ansiennitet.

5. KS bør jobbe for at tillitsreforma omfattar heile den kommunale verksemda, og ikkje verte ein sektorreform som fokuserer berre på dei enkelte delane av kommunal sektor. Framtidas kommunale velferdstenester må i større grad enn i dag vere basert på tverrfagleg arbeid, kor dei ulike tenestene og sektorane i lag sikrar trygge og gode tenester til innbyggjarane.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-400	22/55

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/22	Formannskapet	PS	15.02.2022
	Kommunestyret	PS	

### Tolking av Fedje kommune sin personalplan - punktet "Gåver"

#### Saksutgreiing:

**Oppsummering:** Dei hovudtillitsvalde ber kommunestyret kome med ei tolking av punktet «Gåver» i Personalplan for Fedje kommune, fordi dei ikkje er samde i rådmannen si tolking og praktisering.

#### Saksopplysningar

Personalplan for Fedje kommune vart revidert i september 2020 (K-sak 052/20). Der vart planen delt i to, der nokre av temaa vart rekna som overordna/prinsipielle og dermed lagt til kommunestyret: Del 1: Arbeidsgjevarpolitikk. Del 2 Personalreglement ligg til rådmannen etter drøfting med hovudtillitsvalde.

I del 1 har me eit punkt som omhandlar gåver:

#### Gåver

---

Det er ein felles standard når det gjeld markering av tilsette med lang og tru teneste i kommunen:

Runde år:	Blomehelsing f. o. m 30 år
Etter 20 og 30 års teneste i kommunen:	Opp til 50% stilling gåvekort kr 4000 51-100% stilling gåvekort kr 8000
Når ein sluttar i stilling etter meir enn 10 års teneste:	Gåvekort kr 4000

Me gjev KS' hedersmerke etter 25 års innsats for kommunen. Merket vert helst delt ut i samband med fellesarrangement.

Arbeidstakarane får ikkje fri med lønn for markering av runde år.  
Utmerkingar – sjå eige punkt.

Dette har rådmannen praktisert slik i perioden september 2020 – dags dato:

Det året ein tilsett har 20 år eller 30 års teneste i kommunen, får dei gåvekort. Gåvekort vert gjeve i den aktive stillinga ein har når ein får gåvekortet. Permisjon utan lønn vert trukke i frå.

Nokre tilsette kom uheldig ut ved omlegginga, fordi dei t.d. hadde 23 års teneste i 2021: Då gjekk dei glipp av den gåva dei tidlegare ville ha fått ved 25 års teneste, og også den dei etter dei nye reglane ville få ved 20 års teneste. Ut frå dette, vart personalleiarane samde om ei overgangsordning (henta frå internt notat):

*Me har nokre tilsette som fell mellom gåveordninga i tidlegare og noverandepersonalplan. I tidlegare personalplan, som gjaldt til 11.09.2020, fekk ein gåve i % av månadslønn ved 25 års innsats. I noverande personalplan, får ein gavekortgåve (4000/8000 kr) ved 20års innsats og 30 års innsats, samt KS-merke ved 25 år. Nokre tilsette opplever at dei hadde mindre enn 25 års teneste før sept 2020, men har meir enn 20 års teneste etter sept2020 –og difor ikkje får gåve verken den eine eller andre gongen. Gåvaer ei viktig annerkjenning av dei av våre tilsette som har jobba for oss i mange år. Me har difor bestemt at me lagar til ei mellombels overgangsordning:*

*Dei som har 21,22,23, 24 og 25 års teneste i 2021, får gåvekort tilsvarande 20 år ved sitt 25 års jubileum. Så får dei gåve etter «vanleg» plan når dei har jobba 30 år, tilliks med det alle andre får.*

Dette gjeld 8 tilsette i denne perioden, men ikkje alle har meir enn 50% stilling – ca 6x 8000 = 48 000 kr fordelt på 5 år – i tillegg til dei andre som oppnår 20 eller 30 års teneste kvart år (vanlegvis 1-4 stk, altså frå 8000 kr til 32 000 kr).

HTV Fagforbundet, Delta og Utdanningsforbundet meiner rådmannen har tolka kommunestyret sitt vedtak feil, og ber om følgjande tolking og praktisering:

*Fagforbundet meiner, utifrå vedtaket gjort i kommunestyret 09.09.22 der det står **etter** 20 og 30 år, at alle mellom 20 og 25 år og alle over 30 års teneste etter det nye vedtaket skal ha gåve. Dei mellom 25 og 30 års teneste har motteke gåve frå den tidlegare ordninga.*

*Utifrå tolkinga som administrasjonen har gjort, som er **ved** 20 og 30 års teneste, ikkje samsvarer med det som står i personalplanen etter det nye vedtaket, der det står **etter** 20 og 30 års teneste. Dette meiner me har stor betyding.*



## **Vurdering**

Om rådmannen les innspelet frå dei hovudtillitsvalde rett, så er skiljet om

1. alle mellom 20 og 25 års teneste skulle hatt utbetalt gåva si i 2021 (og då må få det no i 2022). Innebærer ei ekstra eingongsutbetaling på ca. kr 24 000 kr (sidan 3 av dei tilsette fekk dette allereie i 2021)

eller

2. me gjennomfører den overgangsordninga som rådmannen har skissert for tillitsvalde og personalleiarar. Innebærer same ekstra utbetaling, men vert spreidd over fleire år, då den det gjeld får gåvekortet saman med KS-merke då ein markerer 25 årsjubileum. Dette er det budsjettert for.

Saka vart drøfta i drøftingsmøte HTV/rådmannen 2.desember 2021, og HTV bad då om å få ei avklaring i kommunestyret. Som avtalt vert saka med dette sendt til kommunestyret.

## **Konklusjon**

For rådmannen er det så vidt eg kan sjå to ganske like løysingar som ikkje utgjer nokon forskjell i økonomi, så begge delar går fint å gjennomføre.

## **Forslag til vedtak:**

Ingen framlegg til vedtak.

## **Formannskapet - 011/22**

### **F - behandling:**

Trekking av sak, foreslått av Stian Herøy, Høgre  
Saka vert trukke.

Saka vert trukke, fordi drøftingane kommundirektør/HTV ikkje er ferdige.

### **F - vedtak:**

Saka vert trukke.

Samrøystes vedteke.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	21/588

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/22	Formannskapet	PS	15.02.2022

### Eventuelt formannskap 15.02.22

#### Saksutgreiing:

#### Forslag til vedtak:

### Formannskapet - 015/22

#### F - behandling:

Innsendte spørsmål frå Kamilla Karlsen (Ap):

1.Sal av kommunale bustader. Viss "Post-huset" vert solgt, vil det gjelde som ein av dei tre bustadane kommunen i snitt skulle selgje dei neste tre åra?

Ordførar svarte ja.

2.Kor stort er presset på dei kommunale bustadane no? Har kommunen venteliste? Har vi kommunale bustader til 3 månaders gratis husleige?

Ordførar svarte at det ikkje er kommunal venteliste pr. i dag, berre førespurnadar. Me har pr. 1.mars 2 ledige bustadar, der den eine må pussast opp.

3.Kva skjer med oljeverndepotet no om Feddie Distillery har overtatt tomta? Ordførar svarte at ein ikkje veit noko konkret enno. Han ser for seg at Fedje kommune må gjere ein jobb i saka.

Spørsmål frå Bjørn Solbakk (Frp):

1.Kommunale vegar vert lappa på. Betalar me for noko som vert borte etter få dagar?

Kommunedirektør svarar i kommunestyremøtet.

2.Pris på sal av BKK-aksjar? Ordførar kjem tilbake til det i kommunestyremøte.

3.Har kommunen vore i kontakt med historielaget om lokale? Kommunedirektør ved leiar fellestenester svarte at det enno ikkje er gjort pga kapasitet. Saka er ikkje gløymt.

4. Det manglar takstein på kommunal bustad Husøyna 26.

Rådmannen orienterte om følgjande saker:

- ny kommunalsjef teknisk og eigedom er tilsett, tiltrer truleg i midten av mai
- kjem sak om medlemskap Bergen og Omland friluftsråd. Kr 22/innbyggjar.
- har sendt søknad om pengar til friluftslivet sine ferdselsårer
- mogleg avtale og tilbod om Forskarfabrikken på Fedje.

Ordførar orienterte om status i sak om Hjeltevarden. Det har vore møte med Tombre. Planen er å få til dialog med departementet.

**F - vedtak:**

Ingen vedtak under eventuelt.

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	21/588

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/22	Formannskapet	PS	15.02.2022

### Uttale E39 Vågsbotn-Klauvaneset

#### Saksutgreiing:

Ordførar ønskjer at Fedje kommune sender ut følgjande uttale til Vestland Fylkeskommune, Vestlandsbenken Stortinget, politiske parti i Vestland, Strilen, avisa Nordhordland og Bergens Tidende:

#### **E39 Vågsbotn-Klauvaneset må starte opp i første NTP-periode.**

I fleire tiår har det blitt arbeidd for ny veg frå Nordhordland gjennom Åsane. Siste åra har vi og sett lokalbefolkninga gjennomføre aksjonar for å få fokus på dei kaotiske trafikktilhøva dei har i bumiljøet sitt.

Då NTP (Nasjonal transportplan), vart rullert i 2021, hadde både Bergen kommune, kommunane i Nordhordland og Vestland Fylkeskommune vegen Klauvaneset-Vågsbotn som eit sine prioriterte vegprosjekt. Stortingsfleirtalet vedtok deretter å setje denne vegen inn i planen for 2022-2027.

Vegen har ein stor andel med tungtrafikk. 2500 køyretøy av ein samla døgntrafikk på over 20 000 køyretøy. Vegen er smal og svingete og vert nytta av store køyretøy som fraktar farleg gods og drivstoff frå oljeraffineriet på Mongstad. I tillegg er vegen og nytta av mange køyretøy med tung last til forsyningsbasen for Nordsjøen lokalisert på Mongstad Sør.

Under Stortinget si handsaming av NTP i 2021, gjorde eit fleirtal vedtak om å prioritere denne vegen. Arbeidet med kommuneplanen i området er i gang slik at det ikkje skal senka arbeidet.

Det er med stor uro vi erfarer at Statens Vegvesen vil utsetje strekninga til neste rullering av NTP for perioden 2028-2033. Ei slik utsetjing kan ikkje akseptast.

Fedje kommune forventar at Stortinget gjer vedtak om at Vågsbotn-Klauvaneset vert sett inn i NTP som ei prioritert utbygging og at dei såleis held fast på vedtaket om vegen frå 2021.

**Forslag til vedtak:**

**Formannskapet - 016/22**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Fedje kommune stiller seg bak uttalen om E39 Vågsbotn-Klauvaneset.

Samrøystes vedteke.